Februar 2017

Årsmelding 2016 for Holsen Grendalag

Styret

Styret har hatt følgjande samansetjing i 2016:

Leiar: Jan Solsvik
Nestleiar: Stig Arve Holsen Foss
Kasserar: Øystein Holsen
Skrivar: Trine Renate Vallestad
Styremedlem: Hanne Høgseth

Vara: Kay Egil Heimestøl og Hildegunn Kvamme

Valnemd

Tone Sætre	1 år
Aud Røstenskar	2 år
Helen Sørsund	3 år

Styret har hatt 5 møter og handsama 37 saker.

Arbeidsoppgåver for styret:

- Grindbygg
- Felles dugnad med Holsen skule og barnehage
- Tiltakspris 2015
- 17. mai
- Jonsokfeiring
- Adventsbasar
- Veglys
- Autovern
- Breiband
- Diverse

Grindbygg

Status ved førre årsmøte var at ringmurane og plata var ferdigstøypt. Sidan den gang har Kåre Høgseth skåre til materialane, og hausten 2016 starta ein arbeidet med å setje opp bygget. Arbeidet vil halde fram i løpet av våren 2017. Dersom folk møter på dugnad, vil ein klare å ferdigstille grindbygget i løpet av to-tre helger.

Felles dugnad ved skulen og på tusenårsplassen

Grendalaget inviterte til felles dugnad med Holsen skule og barnehage 07. mai. Nytt i år var at alle i bygda fekk lapp i postkassen, i staden for at berre skule- og barnehageforeldre får innkalling. Det var bra oppmøte og ein fin og sosial dag som vart avslutta med vaflar, kaffi og saft. Takk til alle frammøtte!

Tiltakspris 2015

Tiltaksprisen for 2015 vart delt ut 17. mai, og gjekk til Fjelltrimnemnda. Prisen fekk dei for arbeidet dei legg ned, blant anna med merking av turløyper i bygda.

17. mai-feiring

Det var ein fin dag med godt oppmøte. Resultatet frå dagen viste eit overskot på kr. 4.896,05.

Jonsokfeiring

Jonsokfeiringa vart arrangert av husstandane på Vettereiene-Nydal, og gjekk føre seg nede ved vatnet hos Øystein Menes. Det var bra ver og godt oppmøte. Folk kosa seg med grilling og aktivitetar ute.

Adventsbasar

Også her hadde husstandane Vettereiene-Nydal ansvaret i år. Bra frammøte og vel gjennomført basar. Det var sal av lodd i bøker i forkant av basaren, samtidig som ein kunne kjøpe rivelodd og lodd i bøker på sjølve basaren. Det var også sal av kaffi, kaker og smørbrød. Julegrana vart tent ute på plassen. Overskotet kom på kr. 35.129, som er øyremerka vedlikehald og oppsetting av veglys i bygda.

Veglys

Det er framleis ikkje straum i Viskedalen; dette på grunn av noko vanskeleg dialog med Førde kommune. Alt er klart for å starte arbeidet med lysa på Høgset. Når det gjeld dei eksisterande lyspunkta, har lysnemnda utført ein del vedlikehald i løpet av 2016.

Autovern

Autovern i Høgsetbukta og på strekka Høgset-Skjelset står framleis på behovslista til vegvesenet. Det er nok ein gang kome ny sakshandsamar.

Breiband

Arbeidet med breiband er i rute, og dette kjem på plass i 2017.

Økonomi

Resultatet for 2016 viser eit underskot på kr. 37.775,44.

Jan Solsvik/sign Stig Arve Holsen Foss/sign Øystein Holsen/sign

Trine Renate Vallestad/sign Hanne Høgseth/sign